# Kva er eit kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)?

## Kva vil dette ha å sei for din kommune?

Folkemøte, Sunnfjord kommune

Riksantikvaren, Leidulf Mydland og Mari Sandsund


Rugsund handelsstad. Foto Arlen Bidne, VFK


Oversikt frå Søre Stauren. Foto Tamsøy, VFk

# Informasjon i dag:

- Kva er eit kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)?
- Kva vil dette ha å sei for din kommune?
- Landskapet Jølstravatnet






# Kva er KULA?

- Eit register over kulturhistorisk verdifulle landskap i landet – ikkje ein verneplan eller regulering
- Eit oppdrag frå Klima- og miljødepartementet
- Ei oppfølging av Europarådets landskapskonvensjon
- Eit verktøy for kommunal planlegging og sektorplanlegging – der kommunane får eit hovudansvar
- Etablert i nært samarbeid med fylkeskommunar og med aktuelle kommunar



# Ei oppfylging av landskapskonvensjonen

Noreg har slutta seg til Europarådets landskapskonvensjon. Her forpliktar landa seg til å sette i verk tiltak for å verne, forvalte og planlegge landskap

Konvensjonen legg vekt på:

- Å gjere innbyggane og myndigheiter kjend med landskapsverdiar
- Kartlegge og vurdere landskap – og ha oversikt
- Å sikre medverknad

Plan- og bygningslova er sentral i oppfylging av konvensjonen i Norge



Hyllestad, kvernsteinslandskap. Foto Arlen Bidne.

# Landskap i Noreg – kulturhistorisk mangfald


Ål, Buskerud
Foto: Jørn Jensen, Viken fk


Suldal, Rogaland
Foto: Jarle Lunde, SuldalFoto.no


Rennesøy, Rogaland
Foto: Trond Isaksen, Riksanikvaren


Nes, Akershus
Foto: Dronegutta


Kveøya, Troms
Foto: Robert Nygård

# Faglege rammer for KULA

- Skal vise det kulturhistoriske mangfaldet i fylket og i landet
- Omfattar ulike typar landskap i rurale områder
- Legger vekt på jordbrukslandskap

KULA er fyrst og fremst opptatt av:

- dei store landskapstrekka
- dei viktigaste strukturane
- den dominerande arealbruken



# Kva betyr det at eit landskap er av nasjonal interesse?

- At landskapet er **vurdert, prioritert og vald ut** fordi det har nokre spesielle kulturhistoriske kvalitetar
- At kommunane, og andre som påverkar arealbruken, får **tidleg og tydeleg signal** om at her er det verdiar som det bør tas særleg omsyn til i planlegginga
- At utviklinga verken skal stoppe opp, eller at arealet blir freda – men at ein må finne **gode løysningar** som tek best mogleg vare på landskapsverdiane
- At det kan gje **grunnlag for motsegn** dersom arealbruken er i *vesentleg* konflikt med landskapsverdiane.


Kjøsnesfjorden. Foto Arlen Bidne, VFK

# Truslar mot landskapsverdiar – behov for oversikt

- Ny dominerande infrastruktur
- Storskala tiltak i utmarksområder - f.eks. vindkraft
- Utbyggingspress i sentrale områder
- Tettstadsvekst
- Redusert tradisjonell bruk
- Klimaendringar



# Prosessen så langt og status

- Kommunane vore med synfaring. I dei fleste kommunar er det administrasjon som har delteke.
- Dialog- og innspelsmøte hausten 2020
- Høyrings- og informasjonsmøter i september 2022
- Bearbeiding av rapport etter høyring



KULA-området **Den indre farleia**, lyngheilandskap på Lygra, Hordaland/Vestland. Registeret for Hordaland vart ferdigstilt i 2016. Foto Elizabeth Warren, Hordaland fylkeskommune

## Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)

**KVIFOR KULA?**
Landskapet har alltid vore i endring, men nå skjer forandringane raskare enn nokon gong. Då er det større fare for at viktige landskapsverdiar går tapt. Vi treng difor kunnskap om landskap, kva verdiar dei inneheld og kva som skal til for å ta vare på dei og utvikle dei vidare. Når nye hovudvegar skal byggjast, vindmøller reisast eller kraftliner førast fram, er det viktig at ein har kartlagt nasjonalt viktige landskap slik at desse ikkje vert øydelagde av slike store utbyggingar.

**KVA ER KULA?**
Riksantikvaren har ansvar for å medverke til at dei kulturhistoriske verdiane i landskapet vert tekne vare på. Klima- og miljødepartementet har bede Riksantikvaren om å lage eit landsomfattande oversyn over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Det er dette som skal verte KULA-registeret. Landskapa som vert valde ut, skal saman vise mangfaldet i historia vår – korleis menneske har levd i og brukt landskapet, kva som har skjedd der og kva spor frå tidlegare tider som finst der.

**KULA – LANDSKAP MED STORE VERDIAR**
Landskap gjev mange opplevingar. Ofte er det dei menneskeskapte spora som gjer landskapet ekstra spanande. Dei bidreg til lokalt særpreg og gjev grunnlag for verdiskaping og utvikling. Landskap kan vere grunnlag for økonomisk verksemd til dømes gjennom turisme og landbruksnæring. Eit landskap med store verdiar kan òg vere med å gjere eit område meir attraktivt som bustad og reisemål.

**Riksantikvaren** – Direktorat for kulturminneforvaltning / **Postboks** 1483 Vika, 0116 Oslo / **Besøksadresse** Dronningens gate 13
**Telefon** 22 94 04 00 / **Faks** 22 94 04 04 / **E-post** postmottak@ra.no **www.riksantikvaren.no**

**KVA BETYR EIN KULA-STATUS?**
KULA-registeret er ikkje ein verneplan og landskapa vert ikkje freda eller verna ved at dei vert med. KULA er eit signal om at det er viktig å ta omsyn til verdiane, og skal vere eit kunnskapsgrunnlag som kommunane og andre etatar kan bruke i arealplanlegginga si. Det er viktig at landskapa framleis er i bruk og at jorda og skogen vert driven vidare. Framhald i drift kan i mange høve vere avgjerande for å ta vare på landskapsverdiane. Ein KULA-status skal ikkje stoppe utviklinga, men bidra til ei god utvikling som varetek verdiane.

**KORLEIS JOBBAR VI MED KULA?**
Riksantikvaren jobbar nært saman med fylkeskommunane, og Sametinget der det er aktuelt. Kommunane vert tidleg kontakta slik at vi kan informere om arbeidet, drøfte aktuelle område og få opplysningar og synspunkt. Fylkeskommunane følgjer opp med nærare kontakt med den einskilde kommune og utarbeider eit utkast til tekstar om landskapa som Riksantikvaren arbeider vidare med og sender på høyring. I løpet av høyringa ønskjer vi innspel og debatt om dei føreslegne landskapa, slik at vi får eit best mogleg register. Det ferdige registeret vil liggje i kulturminnedatabasen Askeladden.

Riksantikvaren ønsker at kommunane innarbeider KULA-områda i kommuneplanar og andre planer, ved å gje dei omsynssone med retningsliner og knyte generelle føresegner til dei.



KULA-området **Glomma gjennom indre Østfold**, Vamma kraftstasjon. Registeret for Østfold vart ferdigstilt i 2015. Foto: Østfold fylkeskommune

**Har du spørsmål?**

**Les meir om**
KULA på Riksantikvaren sine nettsider.
Nyttig informasjon om forvalting av KULA-område finst i rettleiaren vår som er særskilt retta mot kommunar og andre etatar.

Du kan også ta kontakt med fylkeskommunen din, eller med Riksantikvaren.

Kontaktpersonar hjå Riksantikvaren er:
> Prosjektleiar Cecilie Askhaven
e-post cecilie.askhaven@ra.no.
tlf. +47 98202733

April 2020

# Jølstravatnet




## Nasjonal interesse

Nicolai Astrup er ein av dei mest verdsette og folkekjære norske kunstnarane. Landskapet rundt Jølstravatnet er den heilt sentrale motiv for kunsten hans der både det store landskapet og det nære var viktig. At landskapet framleis er godt bevart, aukar opplevinga og forståing av kunsten hans. Ved å samanlikna kunsten med landskapet kan ein sjå korleis han formidla si oppleving av det. Utsikta frå den gamle prestegarden på Ålhus og frå garden Sunde og hagen på Sandalstrand med utsiktspunkt viser dette på ein særs god måte. Hagen på Sandalstrand er danna i den same tradisjonen som hagane til samtidige kunstnarar som til dømes Monet.

# Forvaltning av KULA områder

**Kommunane** har hovudansvar for arealforvaltninga og for at verdiane i landskapet ivaretakast

**Fylkeskommune** skal:

- fylgje opp KULA i plansamanheng
- gje råd og rettleiing til kommunen
- ta inn KULA i regional planlegging

**Riksantikvaren** har eit overordna ansvar for identifisering av nasjonale verdiar og etablering av registeret



Foto: Wenche Dramstad, Skog og Landskap, 2007



Foto: Oskar Puschmann /NIBIO, 2010

# Stor kommunalt handlingsrom

- KULA-områda bør inngå i kommuneplanarbeidet
- Omsynssone c) med retningslinjer i kommuneplanens arealdel
- Generelle føresegner i kommuneplanen
- Vurdere og ivareta verdiar i KULA-områda også i reguleringsplanar, dispensasjonssaker og byggesaker
- Vurdere og ivareta verdiar i KULA-områda i saker etter jordlova og skogbruksloven
- Bør inngå i kommunale kulturminneplanar

https://hdl.handle.net/11250/2611211



# Spørsmål og takk for oss!